



KOPI

Lindås kommune
Postmottak, Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/67 - 17/1608

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

27.01.2017

Rapportering for bruk av tilskot til kommunal veterinærvakt for 2016

Meland kommune har ansvar for drift av veterinærvakt i Nordhordland på vegne kommunane i vaktområdet som dekker Austrheim, Fedje, Lindås, Meland og Radøy. Rekneskapen syner at tilskotet frå staten balanserer bra med utgiftene til vakt. Veterinær Erik Ulvik har ansvar for å setja opp vaktlister og levere inn timelister til utbetaling. Han mottek kr. 25 000 for dette arbeidet. Overskotet på kr. 13 269 går til å dekkja kommunen sitt arbeid med rekneskap og administrasjon. Tilskotet dekkjer også 1 mnd sesongt tillegg i lamminga, dvs at det er ein ekstra veterinær på vakt i denne perioden.

Rekneskap 2016 (01.12.15-30.11.16)

Veterinærvakt 2016

Art	Namn	Beløp
11210	ANDRE TENESTER	25 000
13716	DRIFTSTILSKOT VETERINÆR	793 101
Sum utgifter		818 101
17016	STAT.REF. VETERINÆRVAKT	-831 370
Sum inntekter		-831 370

Sum veterinærvakt 2016

-13 269

Kommunen hadde i utgangspunktet kontrakt med 4 veterinærer som har delt på vakta. Ein veterinær slutta ved utgangen av 2014, og det har skapt vanskar for å få til ei firdelt vakt. I periodar har det berre vore tre som har delteke i vakta, og det erfarer me er for stor vaktbelastning på den enkelte veterinær. Som ei

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

mellombels løysing har ein lukkast å få inn vikarar, slik at i ein no har firdelt vakt.

Kommunane har det siste året hatt ein prosess med å diskutera kva tiltak som er naudsynt for å sikra god nok veterinærdekning i regionen. Dette har munna ut i at det like før jul vart lyst ut anbod om tilskot 4 kommuneveterinærstillingar på dagtid, der eit av vilkåra er at dei deltek i veterinærvakt. Det vil om kort tid verta gjennomført kontraktsforhandlingar og inngått avtalar. Me vonar at dette vil bidra til å sikra vaktordninga framover. Kommunen vil hausten 2017 lysa ut nytt anbod om vaktordninga.

Med helsing

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Austrheim kommune

Fedje kommune

Lindås kommune

Radøy kommune

Sætremarka 2 5943

Stormarkvegen 49 5947

Postmottak, 5914

Kvernhusmyrane
20

Radøyvegen 1690 5936

AUSTRHEIM

FEDJE

ISDALSTØ

MANGER

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland

P.b 7310

5020

BERGEN

KOPPI